



Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Frøydis Linden, 5557 2186

offentleglova § 26

Svar på eksamen Autorisasjon Plantevern, fornying og fyrstegongs eksamen.

Dette er ei melding om at Fylkesmannens Landbruksavdeling har retta eksamensoppgåvene for autorisasjon for plantevernmiddel, fyrste gong og fornying. Eksamensstad: Samnanger den 28. mars og 4. april 2019.

Sjå vedlegg for oversikt over deltakarnamn og rettleiing for registrering av at dei har rett på autorisasjon gnagarmiddel frå Mattilsynet. Me vonar de har tid til å attestera at dei har rett på å få denne autorisasjonen, innan ei veke, då fleire av eksamenskandidatane har behov for autorisasjonsbeviset så fort som råd er.

Det tek om lag 2-3 veker frå de har godkjent autorisasjon for plantevern, til bøndene har beviset i postkassa si (det går direkte melding frå autorisasjonsregisteret til trykkeriet). Skriv derfor ut stempla, midlertidig bevis dersom bøndene ynskjer det. Fylkesmannens landbruksavdeling kan også hjelpe til med dette ved behov.

Me har sendt melding på e-post (05.05.2019) til kandidatane som ikkje sto på eksamen. Dersom dei ynskjer å ta eksamen opp att, kan dei gjere det etter avtale med dykk. Dei må betale ny eksamensavgift på kr 210,- som me fakturerer dei etter eksamen. Hugs også at dei kan få ein halv time ekstra eksamenstid dersom dei har dokumentasjon på lese- og skrivevanskar, eller få eksamen lest opp for seg.

Autorisasjonsregister Plantevernmiddel:

<http://autweb.internova.no/Prod/Login.aspx?ReturnUrl=%2fprod>

Eksempler på kva som kan vere yrkesmessig behov, jf. plantevernmiddeforskriften § 8, andre ledd, bokstav b) (lista er ikkje uttømmende):

- eigarar og tilsette i jordbruks- og skogbruksforetak og i planteskolar og gartnerier
- anleggsgartnere og ansatte i anleggsgartnervirksomheter
- barn/ektefelle/samboer/kårfolk som er involverte i gardsdrifta
- personer som handterer beisemidler for korn, såfrø mv.
- forhandlarar og ekspeditører som sel plantevernmidler
- tilsette og studentar ved forskingsinstitusjonar og laboratorier som nyttar plantevernmiddel
- tilsatte i rådgivingseiningar i landbruket



- undervisningspersonell ved fagskular som underviser i plantevern
- personell med ansvar for samferdselsanlegg eller større grøntanlegg/fellesareal som ikkje er barn sine leikeareal, samt golfareal
- landbruksentreprenører som skal bruke plantevernmiddel

Meld ifrå til Frøydis Lindén (Hordaland) eller Jon Anders Stavang (Sogn og Fjordane) dersom de har spørsmål til dette brevet eller autorisasjonsordninga for både [plantevernmiddel](#) og [gnagarmiddel](#). De kan søke opp kontaktinformasjon på [nettsida til Fylkesmannen i Vestland](#).

Med helsing

Bjørn Harald Haugsvær
Assisterande landbruksdirektør

Frøydis Linden
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Mottakerliste:

Sund kommune	Postboks 23	5371	SKOGSVÅG
Ullensvang herad	Heradshuset	5780	KINSARVIK
Samnanger kommune	Tyssevegen 217	5650	TYSSE
Odda kommune	Opheimsgata 31	5750	ODDA
Meland kommune	Postboks 79	5906	FREKHAUG
Os kommune	Postboks 84	5202	OS
Voss kommune	Postboks 145	5701	VOSS
Bergen kommune	Postboks 7700	5020	BERGEN
Lindås kommune	Kvernhusmyrane 20	5914	ISDALSTØ
Eidfjord kommune	Simadalsvegen 1	5783	EIDFJORD
Tysnes kommune	Rådhuset	5685	UGGDAL
Kvam herad	Grovagjelet 16	5600	NORHEIMSUND
Austevoll kommune	Kommunehuset	5392	STOREBØ
Kvinnherad kommune	Rosendalsvegen 10	5470	ROSENDAL